

























Norske lauvtre

<p>Eik (<i>Quercus</i> spp.)</p> <ul style="list-style-type: none"> •store tre, kan bli svært gamle •to artar: vintereik og sommareik •veks langs kysten av Sør-Noreg, sommareika litt lenger inn i landet enn vintereika 		 <p>sommareik: kort bladstilk (vintereik: lang)</p> <p>skålforma hams med nøtt</p> <p>sommareik: lang nøttestilk (vintereik: kort)</p> <p>avlange, lappa blad</p>
<p>Spisslønn (<i>Acer platanoides</i>)</p> <ul style="list-style-type: none"> •store tre •store, hårlause blad som sit motsett på kvisten •veks på Austlandet og langs kysten til Vest-Agder samt nokre stader på Vestlandet 		<p>ca. fem spisse blad-lappar med få tenner</p>  <p>venga frukter</p> <p>handlappa blad</p>
<p>Osp (<i>Populus tremula</i>)</p> <ul style="list-style-type: none"> •høge tre, buskar i fjellet •rett stamme med glatt, grønleg bark •hann- og ho-aks på eigne hann- og ho-tre (særbu) •veks på nesten all slags grunn over heile landet 		<p>bukttanna bladkant</p> <p>lang bladstilk, flattrøkt frå sidene</p>  <p>hengande aks</p> <p>runde blad</p>
<p>Lind (<i>Tilia cordata</i>)</p> <ul style="list-style-type: none"> •store tre, kan bli gamle •lysegrøne, tynne blad •hårlause blad, bortsett frå hårduskar i nervevinklane på bladundersida •lune, sørvendte stader på Austlandet og langs kysten av Sør-Noreg, så vidt også i Nordland 		<p>rustbrune hårduskar</p> <p>lang bladstilk</p> <p>«propellblad»</p>  <p>skeivt, hjarteforma blad</p>
<p>Hassel (<i>Corylus avellana</i>)</p> <ul style="list-style-type: none"> •buskar og små tre, ofte forgreina •hårete blad •veks på sørvende stader med mykje lys og mykje varme •lågareliggande strøk i Sør-Noreg og langs kysten eit stykke opp i Nordland 		<p>tydeleg bladspiss</p> <p>sagtanna bladkant</p> <p>små raude kjertelhår på bladstilken</p> <p>flika hams med store nøtter</p>  <p>breie, avrunda blad</p>
<p>Alm (<i>Ulmus glabra</i>)</p> <ul style="list-style-type: none"> •store tre, kan bli gamle •ru bladoverflate (korte, stive hår) •to bladvariantar: smale, jamt tilspissa eller breie, brått tilspissa med to sideflikar øvst •veks på varme stader i Sør-Noreg og langs kysten eit stykke opp i Nordland 		<p>sagtanna bladkant</p> <p>skeivt bladfeste, kort bladstilk</p> <p>nøtt med brei vingekant</p> 

<p>Or (<i>Alnus</i> spp.)</p> <ul style="list-style-type: none"> •tre og store buskar •veks ofte på fuktige stader •gråorblad: matte, lyse under •svartorblad: blanke, mørke under •gråor: vanleg over heile landet •svartor: Austlandet, langs kysten til Nord-Trøndelag 		
<p>Bøk (<i>Fagus sylvatica</i>)</p> <ul style="list-style-type: none"> •store tre, kan bli gamle •glatt og gråleg bark •blanke blad, lysegrøne som unge, seinare mørkegrøne •veks på næringsrik jord •finst hovudsakeleg i kyststrøk frå Vestfold til Hordaland 		
<p>Selje (<i>Salix caprea</i>)</p> <ul style="list-style-type: none"> •tre og store buskar •hårete blad •hann- og ho-aks på eigne hann- og ho-tre (særbu) •blomar i tette, ståande aks («gåsunger») •veks over heile landet 		
<p>Hegg (<i>Prunus padus</i>)</p> <ul style="list-style-type: none"> •store buskar og tre •veks helst på næringsrik jord •finst flekkvis over mesteparten av landet 		
<p>Bjørk (<i>Betula</i> spp.)</p> <ul style="list-style-type: none"> •buskar og tre, kvite stammer •vanleg bjørk: årsskot utan vorter, veks over heile landet, dannar ofte skoggrensa •hengebjørk: årsskudd med vorter, veks i låglandet i Sør-Noreg, flekkvis vidare nordover 		
<p>Rogn (<i>Sorbus aucuparia</i>)</p> <ul style="list-style-type: none"> •tre og store buskar •rett og glatt stamme, sprekk opp på gamle tre •rogn veks på all slags grunn og toler godt vēr og vind •vanleg over heile landet 		
<p>Ask (<i>Fraxinus excelsior</i>)</p> <ul style="list-style-type: none"> •store tre, kan bli gamle •blada og knoppene sit motsett på kvistane •veks på næringsrik og noko fuktig jord •Sør-aust-Noreg og i kyststrøk nord til Nord-Trøndelag 	